



Hlm Arkitektur AS  
C. Sundts gate 1  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/16 - 20/1162

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
05.02.2020

## Igangsetjingsløyve (4) for råbygg og sanitæranlegg - gbnr 137/821 Alver

### **Administrativt vedtak. Saknr: 011/20**

**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg sækjar:** Hlm Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### **Tiltak**

Det er søkt om igangsetjingsløyve for råbygg og sanitæranlegg i samsvar med gitt rammeløyve.

Det er gitt rammeløvet for tiltaket i vedtak datert 19.07.2019, igangsetjingsløyve (1) for veg- og grunnarbeid utanfor BOP3 og avgraving av matjord innafor o\_BOP3 i vedtak datert 23.08.2019, igangsetjingsløyve (2) for grunnarbeidet innafor o\_BOP3 i vedtak datert 24.09.2019 og igangsetjingsløyve (3) for vass- og avløpsanlegget i vedtak datert 28.10.2019.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.12.2019 med tilleggskommunikasjon mottatt 09.01.2020 og 04.02.2020.

### **Uttale frå andre**

Vestland fylkeskommune har gitt uttale til søknaden i skriv datert 04.02.2020. Dei skriv mellom anna:

«Venstresvingefeltet og nytt kjøremønster gjennom krysset er etablert. Det er etablert god sikt og dagens vegbelysning gir en delvis opplysning av krysset fram til nye armatur er montert. Med det utgangspunktet mener jeg at det kan gis igangsettings-tillatelse for betongarbeidet så snart vegmerkingen etter godkjent skilt- og oppmerkjingsplan er gjennomført.»

I tilleggsskriv datert same dag skriv dei at igangsetjingsløyve kan skje straks dersom vegmerkinga vert utført seinast fredag 7. februar.

## **VURDERING**

I samsvar med føresegn 4.1.8 skal kryss mellom o\_SKV1 og o\_SKV3 vera ferdigstilt og godkjent for offentleg overtaking før det kan gjevast igangsetjingsløyve for sjølve bygga i o\_BOP3. Før det vert gitt igangsetjingsløyve for grunnarbeidet i o\_BOP3 skal nytt køyremønster og venstresvingefelt i kryss mellom o\_SKV1 og o\_SKV3 vera etablert.

På bakgrunn av Vestland fylkeskommune sin uttale i saka finn kommunen at det kan gjevast igangsetjingsløyve slik det er søkt med dei vilkår Vestland fylkeskommune har sett.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse slik det er søkt om. Ansvarsrettar går fram av gjennomføringsplan datert 04.02.2020.

Dato for samsvarserklæring skal førast på gjennomføringsplanen etter kvart som samsvarserklæringane ligg føre. Oppdatert gjennomføringsplan der dato er påført må sendast inn.

## **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve igangsetjingsløyve for råbygg og sanitæranlegg i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve av 19.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Vegmerking, i samsvar med godkjend skilt- og oppmerkingsplan, skal vera gjennomført innan 07.02.2019.**
- 3. Oppdatert gjennomføringsplan der dato for mottatte samsvarserklæringar er påført skal sendast inn.**

## **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Alver kommune  
Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1

5004

BERGEN

**Mottakarar:**

Hlm Arkitektur AS

C. Sundts gate 1

5004

BERGEN